



Kommunestyret for dei næraste 4 åra er konstituert i ettermiddag og Uskedalen er best representert: 6 av dei 35 er frå vår bygd og så mange har vi ikkje hatt i det styrande styre sidan på slutten av 1970-talet, opplysar politikarveteranane.

Då var vi oppe i så mange som 8 uskedelingar som var representantar. Og som for 4 år sidan er det grunn til å stilla spørsmålet: Kva kan vi venta av dei?

Dette er dei 6 rekna frå venstre på biletet teke utanfor Rådhuset:

- * Gunn Mari Moberg, Høgre
- * Kjell Yri, Venstre
- * Elin Legland, Senterpartiet
- * Eskil Moen, Framstegspartiet
- * Magne Huglen, Arbeidarpartiet
- * Jostein Grov, Arbeidarpartiet

Dei 4 som representerer Ap, Framstegspartiet og Venstre høyrer til samarbeidspartia og utgjør posisjonen.

Både dei nyvalte og attvalte opplevde eit udramatisk og gemyttleg konstituerande møte som til og med vart opna med servering av skulebrød av to frå opposisjonen - Peder Sjo Slettebø og Gunn Mari Moberg (begge frå Høgre, Peder Sjo Slettebø er bakar) Med knappast mogeleg margin - 18 røyster - vart Synnøve Solbakken (Ap) attvalt som ordførar og Elisabeth Eide Tharaldsen (Frp) nyvalt som. varaordførar og alt var fryd og gaman etter mye dramatik i vekene etter valet.

Sett gjennom Uskedalen-briller er det grunn til å merke seg at Magne Huglen er valt til leiar for komiteen for oppvekst, kultur og idrett, Det blir ein viktig posisjon både med tanke på skuleutbygging og større kommunal deltaking i idrettsanlegg i bygda, For 15 år sidan var Kristian Bringedal leiar i kulturkomiteen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Uskedelingen Kjell Yri har her forsynt seg med eit skulebrød som Gunn Mari Moberg (bak) bringer rundt